



NY ELEV VED VIKEDAL SKULE?

- Skal ditt barn/ungdom flytte frå ein skule til Vikedal skule melder du frå til den skulen ditt barn/ungdom er elev. Dei melder flytting og ordnar det formelle rundt overgangen.
- Det er fint om du tar kontakt med oss for å avtala eit møte og treff for å bli kjend. Ta kontakt med rektor.

STARTA I 1.KLASSE?

- Vindafjord kommune har ein plan for overgong mellom barnehage og skule. Denne inneheld møtepunkt og samarbeid mellom barnehagen og skulen for å gjera overgangen til skulen så god som mogleg. Vikedal skule samarbeidar med Vikedal FUS barnehage. Har du ditt barn i ein annan barnehage, og/eller ditt barn ikkje går i barnehage, ta kontakt med skulen hausten før skulestart.
- Føresette og barn blir invitert til skulen på innskriving i **februar/mars månad** det året barnet skal starte på skulen. De får skriv heim om dette.
- Kvar elev får ein fadder. Det er elevar i 5.klasse som er fadrar. Etter påske skulestartåret får barnet eit brev heim frå sin fadder. Der blir også barnet ønska velkommen til ein besøksdag i juni. Besøksdagen blir organisert saman med barnehagen, eller ved avtale med skulen.
- Føresette blir kalla inn til eit informasjonsmøte etter påske før skulestart. Her får de møta kontaktlærer, rektor og andre føresette. De får også nyttig informasjon om skulestart.
- Kontaktlærer har eit overgangsmøte med barnehagen der nyttig informasjon blir delt. De som føresette gir godkjenning til kva informasjon barnehagen kan dela med skulen.
- Elevane får besøka skulen ein dag i juni. Dei kjem saman med tilsette i barnehagen denne dagen. Går ditt barn i ein annan barnehage og/eller ikkje går i barnehage, får de invitasjonen heim.

1. SKULEDAG:

- De får epost med informasjon om første skuledag ca ei veke før oppstart.
- Elevane møter med sine føresette når skuledagen startar.
- Alle samlar seg framfor trappa til mellomtrinnsbygget når skuleklokka ringjer.
- Elevane stiller opp saman med sin klasse. De føresette kan stå saman med eige barn.
- Rektor ønskjer alle velkommen til eit nytt skuleår.
- Rektor ropar opp namn på alle nye elevar i 1.klasse. Dei kjem opp til rektor og stiller seg på ei rekkje. Føresette følgjer med om barnet er utrygg åleine.
- Elevane blir med rektor og heiser flagget for skulestart.
- Rektor ropar opp klasse og namn på kontaktlærer, og ber dei gå til klasserommet sitt.
- 1.klasse står igjen til slutt. Dei får ei ekstra helsing med seg, og går til klasserommet med sin kontaktlærer. Føresette følgjer med.
- Føresette er med i første arbeidsøkt. Når det er første friminutt og/eller lærar gir beskjed, kan føresette gå til sitt arbeid.
- Treng ditt barn å ha deg på skulen lengre/er utrygg, er det viktig at du tar deg tida barnet treng.
- Elevar som har plass i SFO kan starta der første skuledag.



OVERGONG FRÅ BARNESKULE TIL UNGDOMSSKULE:

- Overgongen blir automatisk registrert for elevar ved Imsland og Sandeid skule som skal over til ungdomsskulen ved Vikedal.
- Elevane ved Imsland og Sandeid skule blir invitert til eit 7.klasse treff på Vikedal skule i slutten av mai. Elevane i 7.klasse ved Vikedal skule er vertar. Her får dei møta kontaktlæraren sin.
- Same kveld som 7.klassetreffet er det informasjonsmøte for føresette. Her møter de rektor, inspektør, rådgjevar og kontaktlærar.
- Som eit anna bli-kjend-tiltak blir elevane i 7.klasse ved Imsland og Sandeid skule invitert til ei volleyballturnering saman med ungdomstrinnet i Vikedal i juni månad.
- Kort tid etter oppstart i 8.klasse reiser elevane på leirskule med overnatting 3-4 dagar.
- Lærarane ved skulen har samarbeidsmøte der det blir gitt informasjon som kan vera nyttig for Vikedal skule.

OVERGONG FRÅ UNGDOMSSKULE – VIDAREGÅANDE SKULE:

- Elevane har eit fag som heiter utdanningsval gjennom heile ungdomsskulen.
- Utdanningsval blir gjennomført som ei to-deling:
 - Faglærer gjennomgår ulike utdanningar og yrke. Elevane får prøva seg på ulike interesse- og motivasjonstestar for å finne ut kva dei ønskjer å bli. Føremålet er færre feilval av utdanning. Undervisninga skjer:
 - Siste ½ år i 8.klasse.
 - Heile skuleåret i 9.klasse.
 - Hausten i 10.klasse.
 - I 9. og 10.klasse får elevane 5 dagar ute på skulebesøk og i praksis. Rådgjevar ved skulen organiserer dette tilbodet. Elevane får:
 - 2 dagar med skulebesøk på den linja og skulen dei ønskjer å vera elevar.
 - 3 dagar med jobbskygging i eit yrke dei kan ha med utdanninga dei ønskjer.
 - 9.klasse har desse 5 dagane i vårsemesteret.
 - 10.klasse har 5 dagar i haustsemesteret.
- Elevane deltek på yrkesmesse der dei får møta kommunar og bedrifter som presenterer yrke og stillingar som er aktuelle hos dei. Alle elevane deltek på felles yrkesmesse for Nord-Rogaland i Tysvær. Elevane kan også ønskja seg deltaking på yrkesmesse i andre nærliggjande kommunar.